

## Slutt på bifangst av sei og torsk i sildetrål

Fangstseksjonen ved Havforskningsinstituttet fekk god nytte av si lange røynsle med bruk av skiljerist i trål då dei i løpet av to fiskesesongar greidde utvikla ei rist som i praksis sorterer ut all bifangst av stor sei. Det viser seg også at tapet av sild er lik null.

Rundt ti prosent av den norske kvoten av norsk vårgytande sild vert fanga med trål. Sildetrålarane har lenge vore mykje plaga med store bifangstar av sei. Dette fisket føregår i hovudsak om hausten i Vestfjorden, Ofotfjorden og Tysfjorden, og på ettervinteren når silda er på veg sørover for å gyta. Ein trålar kunne få mellom 10 og 20 tonn sei på eit to timars hal. Seien var stor, hovudsakleg over 60 centimeter. Sildetrålarane var ikkje interesserte i bifangsten. I eit forsøk på å få ned bifangsten innførte Fiskeridirektoratet strenge reguleringar for fisket, mellom anna med trålforbod om natta og maksimalt ein time tauetid på dagtid.

Sildetrålarane fekk såleis lite effektiv drift. Av den grunn kontakta Sør-Norges Trålarlag Fangstseksjonen ved Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet, Kontoret for fiskeforsøk og veiledning våren 2000.

Same hausten var forskarane frå Fangstseksjonen i arbeid på feltet. Videoobservasjonar av sei og sild bak i trålen viste at seien sumde roleg i trålen si fartsretning, men at han likevel hamna bak i trålen nesten like fort som silda. Seien er så mykje større enn silda at ein meinte at seien kunne skiljast fysisk frå silda ved hjelp av eit ristsystem. Dermed vart det gjennomført innleiande forsøk med same slag ristsystem som vert nytta i reketrål ("Nordmørsrist"). Med 80 millimeter spilavstand vart all sei over 80 centimeter sortert ut. Men 40 -50 prosent tap av sild vart altfor stort til at det kunne aksepteras i praktisk fiske. Video-observasjon viste at silda gjekk aktivt ut gjennom utsleppet for sei.

Dermed hadde forskarane tida fram til neste sesong for å betra teknologien.

Observasjonane gav idear til ein annan type sorteringsrist. Den fungerer på fylgjande måte: Når fangsten møter ledepanelet, går silda gjennom rista og vidare inn i trålen. Sei over ein viss storleik fylgjer rista ned til opninga under rista og vert leia ut or trålen gjennom opninga under ledepanelet bak rista.



*Over 20 sildetrålarar har alt teke i bruk skiljerista som svært effektivt sorterer ut sei or sildefangstane når sildestimane er som slør, ikkje for tette. Rista er enkel å bruka i fisket. (Foto: Bjørnar Isaksen, Fangstseksjonen Havforskningsinstituttet)*

Hausten 2001 vart det nye utstyret prøvt, med svært vellukka resultat. Med ei rist med spilavstand 60 millimeter vart all sei over 60 centimeter sortert ut. Tapet av sild var i praksis null. I eit område der fleire sildetrålarar fanga opptil 15 tonn sei og 50 tonn sild på ein time, fekk forskningstrålarane maksimalt 300 kilo sei og 100 tonn sild på to timar. Totalt under forsøket fanga forskarane 530 tonn sild og om lag to tonn sei.

Førebels er det ikkje prøvt med 50 millimeter spilavstand

i rista, men forskarane ved Fangstseksjonen reknar med at den vil gje endå betre resultat.

Forsøk på Buagrunnen utafor Nordmørskysten i februar 2002 gav ikkje det same gode resultatet. Det skuldast at silda gjekk i tettare stimar enn i fjordane i nordre Nordland. Video-opptaka viste at rista fekk kapasitetsproblem og før mykje sild fylgde seien ut av trålen.

Forsøka er finansiert av Fiskeridirektoratet og Havforsk-

ingsinstituttet. Alt ved utgangen av januar 2002 hadde over tjue trålarar skaffa seg det nye ristsystemet.

Hausten 2002 vert det utført avsluttande forsøk, mellom anna med oppsamlingspose over utsleppsopninga for å kvantifisera utskilling av sei og tap av sild. Det er svært sannsynleg at denne ristteknologien kan brukast for å skilja ut torsk under loddetrålfisket på Finnmarkskysten.

---

**Kontaktperson:**

Kjell Gamst, Havforskningsinstituttet, Senter for marine ressurser. Telefon 55 23 68 08.

E-post: Kjell.Gamst@imr.no.

Bjørnar Isaksen, Havforskningsinstituttet, Senter for marine ressurser. Telefon 55 23 68 06.

E-post: Bjoernar.Isaksen@imr.no.

Jostein Saltskår, Havforskningsinstituttet, Senter for marine ressurser. Telefon 55 23 68 05.

E-post: Jostein.Saltskaar@imr.no.

---